



Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 Manger

Dykkar ref.:

16/991-16/7576

Vår ref.:

Namtvedt

Dato:

15.august 2016

NYE RETNINGSLINEN FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR – HØYRING

Radøy idrettslag syner til skriv av 06.06.2016 med framlegg til nye retningsliner for tildeling av kulturmidlar.

Styret i Radøy idrettslag ser positivt på at retningslinene er gjennomgått og rydda i, og me har ikkje særlege merknader utover fylgjande:

Søknadsfrist for driftsmidlar er sett til 15.mars, og her er det krav om revidert rekneskap og vedtatt årsmelding frå føregåande år.

Norges Idrettsforbund vedtok på Idrettstinget i juni 2015 mellom anna at rapporterings- og søknadsfristar for idrettslaga skulle samlast. Frist for avvikling av årsmøte i idrettslaga vart sett til 31.mars, og fristen for rapportering av medlemsopplysningar (idrettsregistreringa) vart sett til 30.april.

Med utgangspunkt i dette vil Radøy idrettslag gjera framlegg om at fristen for søknad om driftsmidlar til Radøy kommune vert sett til 30.april.

Vyrdsamt

For Radøy idrettslag

Olav Steinar Namtvedt

styreleiar

